



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

«Eg vil også vere med»

«I also want to join»

Kandidatnummer 207 Bente Mari Bjørkelo Venes

Kandidatnummer 213 Emma Midtun

Kandidatnummer 406 Frida Moldestad Olset

Barnehagelærerutdanning, avdeling Sogndal

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Cathrine Evensen

Innleveringsdato: 25. mai 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

1 Abstract

Every year, somewhere between 50 and 100 children in Norway are born with a hearing impairment, so how can we ensure an inclusive environment for these children? The purpose of our study is to examine how the kindergarten staff can facilitate for children with hearing impairment to be included in kindergarten. According to previous research, children that experience hearing impairments as early as kindergarten age, may fall behind socially. This requires that the staff adapts and enhance their skills on the subject. Because of this, we have strategically selected informants that have experience with children with hearing impairment. To best answer the research question: «*How does the kindergarten facilitate inclusion of children with hearing impairment?*», we have conducted in-depth interviews. In order to answer the research question effectively, we provide an overview of relevant theories. These include theories on inclusion in kindergarten, hearing impairments in children, spoken language development, and the role of the staff. Hearing impairment includes different levels, from hard of hearing to deaf. Therefore, to address the specific needs of each child, there must be specialized arrangements. It is difficult to know how much children with hearing impairment actually hear, even with the help of technical aids. Our study shows that some measures are the same for all children with hearing impairment, but there is also a need for individualized arrangements. The aim is for children with hearing impairment to receive an inclusive and equal offer. Therefore, the kindergarten staff's role is significant in this work.

2 Innhaldsliste

1	Abstract	1
3	Innleiing	4
3.1	Bakgrunn for val av tema	4
3.2	Problemstilling.....	4
3.3	Sentrale omgrep	4
3.3.1	Inkludering.....	4
3.3.2	Høyrsselshemming.....	5
3.3.3	Kommunikasjon.....	5
3.4	Oppgåva si oppbygging	5
4	Tidlegare forskning på feltet	6
5	Teori.....	6
5.1	Inkludering i barnehagen	7
5.2	Barn med høyrsselshemming.....	8
5.3	Utvikling av talespråk	9
5.4	Personalet si rolle	11
6	Metode	11
6.1	Kvalitativ eller kvantitativ metode	12
6.2	Djupneintervju.....	12
6.3	Val av informantar	12
6.4	Validitet og reliabilitet.....	12
6.5	Etiske omsyn.....	13
6.6	Gjennomføring av intervju	13
7	Empiriske funn.....	14
7.1	Tilrettelegging.....	14
7.2	Språkstimulering og kommunikasjon	14
7.3	Tekniske hjelpemiddel.....	15
7.4	Inkludering.....	16
7.5	Eventuelt	17
8	Drøfting.....	17
8.1	Kva legg barnehagane i omgrepet inkludering?.....	17
8.2	Tilrettelegging i det fysiske miljøet	18
8.3	Bruk av tekniske hjelpemiddel	20
8.4	Korleis barnehagane legg til rette for ei god språkutvikling for barn med høyrsselshemming	
	20	

8.5	Barnehagepersonalet si rolle.....	22
8.6	Samarbeid med heimen	23
9	Avslutning.....	24
10	Litteraturliste.....	26
11	Vedlegg.....	28

3 Innleiing

3.1 Bakgrunn for val av tema

«Gåten Agnes» er ein dokumentar laga av NRK (2022), den handlar om Agnes Waade som blei født døv i 1927. Denne funksjonshemminga blei ikkje oppdaga, og ho blei dermed i den tida sett på som åndssvak eller evneveik. Ho fekk ikkje hjelp eller tilrettelagt noko som kunne hjelpe ho til å delta i sosial samanhandling, og dette fekk store konsekvensar for ho. Etter å ha sett denne dokumentaren vekte det interessa vår for kor viktig det er for eit menneske å få moglegheita til å kommunisere og samhandle med andre menneske.

Høyrselshemming er ei samlenemning for dei ulike gradene av høyrselstap, det vil sei frå tunghøyrte til døv (Hjelmervik, 2021, s. 181). Kvart år blir det født mellom 50 og 100 barn med høyrselshemming i Noreg, og desse skal bli fanga opp gjennom nyfødtscreening som blir utført 24-72 timar etter fødsel (Hjelmervik, 2021, s. 182; Helsedirektoratet, 2017). Barn med høyrselshemming har rett til ulike tekniske utstyr og hjelpemiddel. For dei som har noko resthøyrsel, kan tilpassa høyreapparat bidra til å oppfatte lydar betre. Barn med alvorleg grad, kan få operert inn cochleaimplantat (CI). Det er eit elektronisk hjelpemiddel som består av ei elektrode som blir implantert i sniglehuset, og eit eksternt apparat som blir kople til (Löfkvist et al., 2019, s. 457; Hjelmervik, 2021, s. 183).

Forskning seier at barn med høyrselshemming fell utanfor allereie i barnehagen, og det krev tilrettelegging for at barn skal bli inkludert. Dette inneber både å dempe støy og legge til rette for mindre barnegrupper (Kermit, 2018; Hillesøy & Ohna, 2014; Kristoffersen & Simonsen, 2013; Kermit et al., 2010). Det står i rammeplanen for barnehagen at: "Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod" (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

3.2 Problemstilling

Formålet med vår studie, er å få svar på korleis barnehagepersonalet arbeider for inkludering av barn med høyrselshemming. Vi vil få fram kva omsyn og kompetanse som blir kravd av personalet, for at også barn med høyrselshemming skal få eit likeverdig tilbod. På bakgrunn av dette, har oppgåva fått følgjande problemstilling: «*Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?*».

3.3 Sentrale omgrep

3.3.1 Inkludering

Inkludering er ei brei tilnærming som legg vekt på korleis barnehagar møter alle barn innanfor eit kollektivt læringsfellesskap (Ohna, 2019, s. 13-14). Barnehagen er ein viktig inkluderingsarena for alle barn, og rammeplanen seier at inkludering i barnehagen handlar om å legge til rette for sosial

deltaking og barna skal oppleve at dei er ein naturleg del av fellesskapet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40). For at barn med høyrselshemming skal oppleve å få eit likeverdig tilbod, inneber dette at barnehagen legg til rette for at barnet skal kunne utvikle seg i samspel med andre og ut ifrå deira premisser (Sjøvik, 2020, s. 48). Det vil sei at personalet må tileigne seg denne kunnskapen for at barnet skal få eit likeverdig tilbod (Ohna, 2019, s. 14).

3.3.2 Høyrselshemming

I denne oppgåva vel vi å bruke omgrepet høyrselshemming, då dette omfattar dei ulike gradene av høyrselstap (Hjelmervik, 2021, s. 181). Vidare vil vi knyte dette omgrepet opp mot barna i vår studie, som oppfattar talespråk ved hjelp av høyreapparat og CI. Likevel krev det tilrettelegging i form av blant anna støydemping og mindre grupper, for at barna skal få best mogleg utbytte av sine tekniske hjelpemiddel. Teikn-til-tale (TTT) syner seg også å vere eit hjelpemiddel som blir brukt som støtte i utvikling av talespråk og i kommunikasjon. Gjennom å bruke TTT vil enkelte ord i ei setning bli synleggjort ved bruk av teikn (Braadland, 2005, s. 21). I denne oppgåva ser vi på TTT opp mot barn med høyrselshemming.

3.3.3 Kommunikasjon

Kommunikasjon kan forklarast som noko vi gjer felles, som å dele informasjon, erfaringar og kjensler (Askland & Sataøen, 2019, s. 43). Vi brukar kommunikasjon for å samhandle med andre, både verbalt og non-verbalt (Hasli & Øverland, 2021, s. 335). Evna til å lære språk er medfødt. Høyrande barn lærer språk gjennom å lytte og tolke lydane og vil etterkvart utvikle talespråket. Barn med høyrselshemming kan ha problem med å oppfatte alle lydane, alt etter kva grad høyrselstap dei har (Hjelmervik, 2021, s. 185; Høigård, 2019, s. 79 & s. 165). Dermed kan det vere behov for å legge til rette slik at barn med høyrselshemming skal kunne få utvikle talespråk til bruk i kommunikasjon (Statped, 2022).

3.4 Oppgåva si oppbygging

I starten presenterer vi tidlegare forskning som omhandlar temaet. Deretter kjem relevant teori som vi vil bruke for å drøfte funna våre. I metoddelen presenterer vi kva omsyn og val vi har tatt for å gjennomføre studien. Deretter kjem empiridelen, der vi vi gjer greie for funna våre. Empiridelen er delt opp i ulike kategoriar: tilrettelegging, språkstimulering og kommunikasjon, tekniske hjelpemiddel, inkludering og eventuelt. I drøftingsdelen samanfattar vi empiri, teori og tidlegare forskning for å belyse problemstillinga. Avslutningsvis gjer vi ei oppsummering av teori, empiri og drøfting og svarar på problemstillinga.

4 Tidlegare forskning på feltet

Tidlegare forskning viser at inkludering av barn med høyrselshemming må starte allereie i barnehagen. Det krev tilrettelegging for at dei skal få kunne samhandle med jamaldrande utifrå sine føresetnader. Dette inneber blant anna å legge til rette for mindre barnegrupper og støydempande tiltak. Det krev også at personalet må tileigne seg kunnskap på dette området for å skape ein inkluderande praksis (Kermit, 2018; Hillesøy & Ohna, 2014; Kristoffersen & Simonsen, 2013; Kermit, Mjøen & Holm, 2010).

Studien til Hillesøy og Ohna (2014) legg vekt på “Barnehagepersonalets refleksjoner om vilkår for deltakelse for barn med cochleaimplantat”. Den viser at det blir eit skilje når spesialpedagogiske tiltak retta mot barnet blir gjennomført i frileikperioden, der barnet blir separert frå barnegruppa. Det fører dermed til at barnet får redusert tid saman med barnegruppa, der frileiken er sentral med tanke på samhandling. Barnehagepersonalet som deltok i denne studien, trekk også fram utfordringa med å finne balansegangen for at barn med høyrselshemming skal bli sjølvstendige individ, og ikkje vere for avhengig av vaksenstøtte. På same tid skal personalet også vere lett tilgjengeleg og fungere som ei støtte for barnet (Hillesøy & Ohna, 2014). Dei peikar også på at foreldra sine val når det gjeld språk og kommunikasjon, skal respekterast. Dersom foreldra ikkje ynskjer å bruke TTT i den daglege kommunikasjonen, er personalet lojale mot deira val sjølv om dei er ueinige (Hillesøy & Ohna, 2014).

Kristoffersen og Simonsen (2013) sin studie “Et løfte om inkludering: Barnehagens rammer for samhandling mellom hørselshemmede og hørende barn i barnehagen”, framhevar at dei møter utfordringar når det gjeld å legge til rette for at barn med høyrselshemming skal bli inkludert på lik linje med høyrande barn. Det krev at barnehagepersonalet tileignar seg spesifikk kunnskap om barn med høyrselshemming, og kompetansenivået må bli heva for å legge til rette for ein inkluderande praksis. Dette understrekar også Kermit (2018) i sin studie “Hørselshemmede barns og unges opplæringsmessige og sosiale vilkår i barnehage og skole”. Vidare viser også Kristoffersen og Simonsen (2013) at gruppestorleik kan ha betydning for kva grad barn med høyrselshemming får moglegheit til å samhandle med andre. Aktivitetar i store grupper kan føre til mykje støy. Barn med høyrselshemming kan få problem der fleire personar brukar verbal kommunikasjon på same tid.

Likskapane i desse studiane, er at det krev tilrettelegging for at barn med høyrselshemming skal bli inkludert i barnehagen. Det er også elementært at barnehagepersonalet sin kunnskap og kompetanse blir heva på dette området.

5 Teori

I denne delen av oppgåva vil vi presentere teori som er relevant for vår studie. Vi startar med inkludering i barnehagen, då det er vesentleg for å få svar på problemstillinga vår: «*Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?*». Vidare vil vi skrive om barn

med høyrselshemming og kva det inneber. Vi kjem ikkje utanom språk, og dermed kjem det relevant teori om utvikling av talespråk for barn med høyrselshemming. Til slutt skriv vi om personalet si rolle, og inn under dette kjem viktigheita av personalet sine haldningar og foreldresamarbeid.

5.1 Inkludering i barnehagen

I Meld. St. 6 (2019-2020, s. 11) kjem det blant anna fram at barnehagen er ein viktig inkluderingsarena for barn. Alle barn skal kunne finne tryggleik og oppleve at dei er ein naturleg del av fellesskapet. Alle barn er ulike, det er likevel avgjerande at dei skal kunne vere seg sjølv i fellesskapet. Dei skal få moglegheit til å utvikle seg utifrå sine føresetnader.

Ein inkluderande barnehage legg vekt på møte mellom samfunnet og individet, der vi skal ha respekt for mangfald, variasjonar og ulikskap. Her skal ulikskapane verdsettast. Barnehagen må kunne legge til rette miljøet for alle barn, og her blir det trekt fram at "særlege behov" går ut på at barna har behov for meir omfattande tilrettelegging enn vanleg for alderen. Nokre av dei viktigaste tilboda for barn med ulike funksjonshemmingar, er barnehagetilbodet. Det blir gitt gode moglegheiter for å bygge opp fagleg kompetanse i barnehagen ved at fleire barn med ulike funksjonshemmingar er der samstundes og over fleire år (Moe & Valseth, 2020, s. 354). Ulikskap i barnegruppa skal bli sett på som ein ressurs, der alle barn kan lære av kvarandre. Til dømes kan barn som er funksjonsfriske lære seg uthald og dermed ikkje gi opp det enkelte barnet som har ei funksjonshemming. Dette kan vi knytte opp mot omgrepet gjensidigheit, som er viktig for å skape eit inkluderande fellesskap. Det går ut på at barn med særlege behov skal også tilpasse seg, og erfare at dei også er ein del av fellesskapet (Moe & Valseth, 2020, s. 355-356).

Barnehagen er ein god arena for at barn skal kunne utvikle seg saman med andre barn, og den vil gi dei tilhøyrse i eit miljø saman med jamaldringar. Her kan barnet utvikle eit godt sjølvbilete, som er eit viktig grunnlag for å knyte vennskap og sosial kontakt (Moe & Valseth, 2020, s. 357). For å få til god kvalitet i barnehagen, er personalet sin kompetanse den viktigaste faktoren. Barnehagelærarar skal dele sin kompetanse med kvarandre, dette gjeld også mellom ulike barnehagar. Vidare vil dette føre til kompetanseutvikling. Ein annan sentral faktor som blir trekt fram, er felles forståing og haldningar som blir skapa og vidareutvikla i den enkelte barnehagen. Ved å legge spesialpedagogiske tiltak inn i allmennpedagogikken, kan barnet som krev dette, få god nytte av å gjennomføre trening og opplæring inne på avdelinga i fellesskap med dei andre barna. Her skal personalet balansere mellom å støtte, hjelpe og invadere, men også vere kreative og bruke fantasi i arbeidet. Dei må finne ein balansegang mellom å gje barnet assistanse, og på same tid legge til rette for at barnet skal bli sjølvstendig (Moe & Valseth, 2020, s. 358-359).

Leiken er barnet sin viktigaste arena for læring og utvikling, og derfor er leiken eit viktig område både i det allmennpedagogiske og i det spesialpedagogiske tilbodet. Det er viktig at personalet legg til rette for ein kvardag som gjer at barn opplever likeverd. Vidare skal dei følgje barnet si utvikling og legge til rette for at opplæringa til ei kvar tid er hensiktsmessig (Moe & Valseth, 2020, s. 365-367). Barn med ulike funksjonshemmingar vil i ein inkluderande barnehage utvikle seg og lære gjennom å vere saman med andre barn, og på same tid vil dei kunne føle tilhøyrse i eit miljø med jamaldringar. Det blir også trekt fram at barn treng andre barn, for å få bekrefta sitt eige sjølvbilete. For at alle barn skal ha moglegheit til å delta i fellesskapet, må personalet legge til rette det fysiske miljøet. Dette kan dei gjere gjennom å nytte gode hjelpemiddel og bidra til openheit kring det enkelte barnet sine føresetnader (Moe & Valseth, 2020, s. 372-373).

Rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40) seier at den viktigaste sosialiseringsarenaen for barn er leiken, og vidare at inkludering i barnehagen handlar om å legge til rette for sosial deltaking. Grønlie (2005, s. 69) trekk fram at den som blir inkludert skal ha moglegheit til å sjølv kunne velje å delta i sosiale samhandlingar, og på same tid kunne bidra. Barnet blir ikkje automatisk inkludert gjennom å delta i aktivitetar, det skal også oppleve å vere ein del av det sosiale fellesskapet. Barnehagen må derfor ha ei haldning om at inkludering skal ligge til grunn for all pedagogisk verksemd (Statped, 2020).

5.2 Barn med høyrselshemming

Høyrselshemming kan vere ein medfødt tilstand, eller det kan oppstå som følge av ein skade eller sjukdom seinare i livet. I Noreg blir det født cirka 60 000 barn kvart år, der mellom 50 og 100 av dei har høyrselshemming (Hjelmervik, 2021, s. 182). Høyrselshemming er eit sanseavvik som går ut på at hjernen tek imot og bearbeider informasjon gjennom alle dei sanseintrykk som er tilgjengelege, og den jobbar konstant i sitt arbeid med å utvikle språk for å kunne kommunisere med omgjevnadane (Grønlie, 2005, s. 63). Det er viktig at barnehagepersonalet er merksame på at høyrselshemming kan vere årsaka til manglande eller forseinka språkutvikling, og er klar over kor alvorleg dette kan vere for barnet si utvikling dersom det ikkje blir satt i verk gode tiltak (Hjelmervik, 2021, s. 181-183).

Høyrselshemming kan skape usikkerheit hos andre menneske, og kan derfor skape negative kjensler. Nokre kan til dømes bli usikre på korleis dei skal forhalde seg til dette, og kan dermed bli brydd og kjenne seg ukomfortable. Barna må få moglegheit til å erkjenne si høyrselshemming utan å kjenne på skam, få kunnskap i korleis dei sjølv kan lette situasjon for dei høyrande, og vidare kjenne den gode effekten av at menneska rundt dei blir trygge og rolege. Foreldre og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for å lære barnet kva høyrselshemming går ut på, og særleg om dei faktiske implikasjonar av tilstanden. Her er det viktig at vi kjenner og erkjenner dei vanlege assosiasjonane til

høyreapparat, dårleg skriftspråk, uttalefeil og problem med å oppfatte det som blir sagt (Grønlie, 2005, s. 66-67).

Leik blir utvikla gjennom språk, og vidare blir språk utvikla gjennom leik. For barn med høyrselshemming er arbeidet med å oppnå deltaking i leiken noko av det som er mest utfordrande. Det er dermed viktig å sjå på kva faktorar personalet må tenke igjennom for å legge til rette for deltaking. Barnehagepersonalet skal fremje føresetnadar for deltaking i leiken, gi barnet moglegheit for medverknad, og støtte og oppmuntre barnet slik at leikeferdigheitene fremjast (Hjelmervik, 2021, s. 191).

Det er elementært at barnehagepersonalet legg til rette for at barn med høyrselshemming får observere og oppfatte samtalar, spørsmål og svar i ulike situasjonar. Det er også viktig å trekke fram kva betydning storleiken på barnegruppa har å sei for trivsel og utvikling (Hjelmervik, 2021, s. 191). Ei stor barnegruppe kan gi meir uro, er meir uoversiktleg og lagar dermed meir støy enn ei mindre gruppe. På bakgrunn av dette kan det vere lurt å danne mindre grupper med deltakarar som barnet kjenner og trivast med. Medlemmane i gruppa kan både vere faste eller variere, men tal personar i gruppa bør vere tilpassa slik at det er mogleg for alle å delta i språkleg samhandling og leik. Fordelen med ei fast barnegruppe er at dei høyrande barna etter kvart vil lære seg gode strategiar for å kommunisere med barnet som har høyrselshemming. Dette kan vere til dømes viktigheita av blikkontakt, tydeleg tale og redusere støy (Hjelmervik, 2021, s. 192). Gode lydforhald er viktig for å gi barn med høyrselshemming best mogleg føresetnad for å kunne oppfatte talespråket (Hjelmervik, 2021, s. 196).

5.3 Utvikling av talespråk

Evna til å lære språk er medfødt, allereie som nyfødt er barn sosiale og innstilt på kommunikasjon (Høigård, 2019, s. 79). Dei første språklydane barnet blir introdusert for er vanlegvis mor eller anna omsorgsperson si stemme. Responsen og samspelet mellom dei er grunnleggande for språkutviklinga (Høigård, 2019, s. 19). Det er vanleg å tilpasse talespråket til mottakaren, dei fleste vaksne brukar barnetilpassa tale i samtale med dei minste. Det vil sei at vi ikkje snakkar på same måte til eit barn på eitt år, som til eit barn på tre år (Høigård, 2019, s. 27).

Barnet tileignar seg språklydar i samspel med andre (Høigård, 2019, s. 19). Etter kvart vil barnet etterlikne desse lydane gjennom babling, og ved rundt 1-årsalderen vil dei gå over til vokalisering og dermed vil dei første orda kome (Høigård, 2019, s. 33). Barn med høyrselshemming vil også lage lydar frå fødselen av, men dei vil ikkje oppfatte tilbakemelding på eiga babling i same grad som høyrande. Dersom høyrselstapet er stort, kan bablinga hjå dei avta ved 6-månaders alder (Hjelmervik, 2021, s. 184). Høyrsele er heilt sentral for å kunne utvikle talespråk, derfor kan også mild grad av

høyrshemming fører til problem med å oppfatte enkelte lydar. Det er dermed stor risiko for at dette kan føre til forseinka språkutvikling (Hjelmervik, 2021, s. 184; s. 165; Löfkvist et al., 2019, s. 461). For å gje dei tilgang på høyrse, kan barn ta i bruk høyreapparat eller få operert inn CI på eitt eller begge øyra.

I 2008 blei det innført nyfødtscreening av høyrse, og høyrshemming blir dermed fanga opp tidleg. Allereie i fem månaders alder kan barn med alvorleg grad få operert inn CI. Desto tidlegare dei får operert inn CI, desto betre utgangspunkt får barna for å utvikle eit funksjonelt talespråk.

Spesialpedagogisk hjelp blir ofte sett i gang for desse barna. Dette fører til at dei får auditiv læring i tidleg og sentral periode i livet (Löfkvist et al., 2019, s. 460). Auditiv trening er sentralt for barn med CI. Denne går ut på å stimulere høyrsensnervane, og med det legge eit godt grunnlag for å utvikle og ta i bruk talespråk (Lyster, 2021, s. 220). Barn med mild til moderat grad av høyrshemming, kan ha nytte av å bruke høyreapparat. Dette vil bidra til å forsterke den resthørselen dei har. Med høyreapparat vil dei frekvenslydane som er nedsett bli forsterka (Löfkvist et al., 2019, s. 457).

Ved å ta i bruk CI eller høyreapparat, vil dei fleste oppfatte tale, og med det få moglegheit til å utvikle talespråk. Det er derfor færre barn med alvorleg grad av høyrshemming som brukar teiknspråk som hovudspråk i dag, mot tidlegare (Löfkvist et al., 2019, s. 460).

Teikn-til-tale (TTT) kan vere ei støtte for å utvikle talespråk. Dette er ei forenkla form for teiknkommunikasjon der enkelte ord i ei setning blir synleggjort med teikn (Braadland, 2005, s. 21). TTT er ikkje eit eige språk som skal bli brukt permanent, men kan fungere som ei støtte i språkutviklinga (Braadland, 2005, s. 22; Löfkvist et al., 2019, s. 460). Det kan vere ulike årsaker til at barn har kommunikasjonsvanskar, blant anna downs syndrom, forseinka språkutvikling, høyrshemming og autisme (Høigård, 2019, s. 26).

Gjennom å bruke TTT kan det bidra til at barn med høyrshemming får støtte i kommunikasjon og samspel med andre barn og vaksne. Alle barn har eit indre behov for å vere aktiv deltakar i det språklege samspelet, då må språk og kommunikasjon vere tilgjengeleg for det gjeldande barnet. Foreldre sine ynskjer, sakkyndig vurdering og grad av høyrshemming, vil påverke kva løysning som blir valt for barnet (Hjelmervik, 2021, s. 186).

Å ha eit språk er viktig for å kunne delta i samhandlingar med andre. Språk- og talevanskar vil dermed kunne påverke barn sitt sjølvbilette. Barn som har lite eller dårleg utvikla språk, kan få utfordringar med å uttrykke sine behov og tankar. Dei kan reagere med frustrasjon over å ikkje kunne gjere seg forstått. Dette kan føre til at dei fell utanfor i leik og samhandling med andre barn, derfor er tidleg innsats elementært for å gje barn med høyrshemming støtte i si språkutvikling (Høigård, 2019, s. 165; Hjelmervik, 2021, s. 185).

5.4 Personalet si rolle

Barn har rett på eit likeverdig leike- og aktivitetstilbod som er tilpassa barna sine egne føresetnadar og behov (Sjøvik, 2020, s. 45). Personalet i ein inkluderande barnehage skal leggje til rette for at alle barn får moglegheit til å møte utfordringar, ta del i leik og aktivitetar, der dei får samhandle med andre barn og dermed få opplevingar som bidreg til utvikling og læring. Det er sentralt at personalet har ei felles forståing for dei verdiane barnehagen skal formidle (Sjøvik, 2020, s. 41-42). Barnehagen skal vere ein arena som ser på mangfald som ein ressurs, der verdispørsmål og etisk refleksjon har stor betydning. Det kan vere ei utfordring for personalet i barnehagen å leggje til rette for at alle barn skal oppleve positive aktivitetar, der barna både synast det er morosamt og får oppleve meistring (Sjøvik, 2020, s. 44).

Personalet i barnehagen skal ha fokus på å verdsette alle barn som den ressursen dei er, samstundes som dei legg til rette for å møte enkeltbarnet sine særskilte behov (Sjøvik, 2020, s. 39). Det kan vere ulike oppfatningar på kva som blir sett på som normalt, dette kan påverke korleis barn med og utan funksjonshemmingar blir sosialisert. Her er det viktig at personalet følgjer det som står i § 2 i barnehagelova (2022), som blant anna seier at barnehagen skal fremje likeverd.

Barnehagepersonalet sine haldningar vil ha stor betydning for dette. Vidare skal dei vise openheit kring høyrselshemminga slik at barnet blir respektert for den det er i barnegruppa. Personalet har dermed eit stort ansvar for å leggje til rette for sosiale samhandlingar (Grønlie, 2005, s. 70).

I rammeplanen står det at barnehagen skal legge til rette for eit godt samarbeid mellom heim og barnehage, der dei skal ha barnet sitt beste som mål. Saman har dei eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. Dialog blir også sett på som særskilt viktig (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). For barn er foreldra dei viktigaste ressurspersonane, dei kjenner barnet og veit kva interesser, språkleg kompetanse og føresetnader det har. Barnehagen må skaffe den kunnskapen foreldra har gjennom god dialog og samarbeid med heimen, og legge til rette for at barnet skal bli møtt med eit ope og ressursorientert syn. Det er viktig at også foreldra blir møtt med denne haldninga, og kjenner at dei og barnet blir anerkjent for den dei er (Moe & Valseth, 2020, s. 361-362).

6 Metode

I følgje Vilhelm Aubert er metode ein framgangsmåte, eller eit middel til å løyse problem og kome fram til ny kunnskap (Aubert, 1985, i Dalland, 2020, s. 53). Metode er eit verktøy som fortel oss noko om korleis vi bør gå til verks for å skaffe kunnskap og hjelper oss med å samle inn data, det vil sei den informasjonen vi treng i diskusjonen.

6.1 Kvalitativ eller kvantitativ metode

Før vi valte kva metode som kan gi oss den beste informasjonen, samanlikna vi dei ulike metodane. Den kvantitative metoden er ein metode som gir oss data som vektlegg bredde og tal, der vi kan få fram det som er felles (Dalland, 2020, s. 55). Vår problemstilling skal ikkje bekrefte noko, på det grunnlaget valte vi bort den kvantitative metoden.

Vi var ute etter å få fram refleksjonar frå våre informantar, av den grunn har vi valt å bruke den kvalitative metoden. Denne metoden tek sikte på å fange opp meining og oppleving som ikkje lar seg måle. Nokre kjenneteikn på denne metoden er blant anna fleksibilitet, det vil sei at intervjuet er utan faste svaralternativ (Dalland, 2020, s. 54-55). Derfor er det også rom for å få fram fleire refleksjonar kring det aktuelle temaet.

6.2 Djupneintervju

Vi gjennomførte eit djupneintervju, der vi intervjuet to mindre grupper frå to ulike barnehagar. I følge Aksel Tjora (2021, s. 127-128), har et djupneintervju til hensikt å skape ein relativ fri samtale rundt spesifikke tema. Målet er å hente ut informasjon ved at informantane reflekterer over eigne erfaringar og meiningar knytt til det aktuelle temaet. Dette kan vi kople opp mot det kvalitative forskingsintervjuet. Her skjer det ei samtale mellom to eller fleire personar om eit tema som opptek alle som er involvert (Dalland, 2020, s. 68).

6.3 Val av informantar

Val av intervjupersonar blir gjort på bakgrunn av kva vi ynskjer å vite meir om (Dalland, 2020, s. 79). For å få svar på vår problemstilling: *“Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrsehemming?”* var det avgjerande for oss å finne personar som har kunnskap og erfaring kring temaet. På bakgrunn av dette blei det gjort eit strategisk val av informantar (Dalland, 2020, s. 79). Vi var ute etter informantar som er tilsett i barnehage. Vi oppretta derfor kontakt med to ulike barnehagar som har barn med høyrsehemming. Desse barna vil heretter bli kalla fokusbarn (Hillesøy & Ohna, 2014). Kontakten til informantane blei oppretta via e-post der vi informerte om vårt føremål med oppgåva. Gjennom å ta kontakt på denne måten, sikrar vi oss at informantane får skriftleg informasjon, og på same tid får dei anledning til å tenkje seg om før dei samtykker til å stille som informant (Dalland, 2020, s. 79). Felles for dei aktuelle informantane er at dei har tett kontakt med fokusbarnet i sin barnehage.

6.4 Validitet og reliabilitet

Både validitet og reliabilitet skal vere oppfylt for at vår valte metode skal vere truverdig. Validitet handlar om relevans og gyldigheit, det vil sei at våre spørsmål i intervjuet skal vere relevante for å kunne svare på vår problemstilling. Reliabilitet handlar om pålitelegheit og at det vi skal undersøke blir utført på ein truverdig måte (Dalland, 2020, s. 43). I vår studie valte vi å møte informantane på

deira arbeidsplass for å skape trygge rammer under intervjuet, og på same tid respektere deira arbeidstid.

På førehand blei det sendt ut samtykkeskjema (vedlegg 1) til informantane og informasjon over ulike tema for intervjuet. Vi ynskte å få i gang refleksjonar og utveksling av kunnskap under sjølve intervjuet, på bakgrunn av dette blei ikkje den komplette intervjuguiden (vedlegg 2) sendt ut. Vidare deltok vi alle tre på analysedelen, som vil bidra til å styrke validiteten.

6.5 Ethiske omsyn

Dalland (2020, s. 168) omtalar etikk som: “normene for riktig og god livsførsel”. På førehand av intervjuet sendte vi ut eit samtykkeskjema. Det er elementært at den som blir intervjuet har fått informasjon på førehand om kva det inneber å delta. Dette blei gjort skriftleg der vi informerte om tema og kva slags oppgåve vi skal skrive (Dalland, 2020, s. 82). Informert samtykke går ut på at intervjupersonane blir informert om det overordna målet til undersøkinga, at deltakinga er frivillig, og at informantane til ei kvar tid kan trekke seg frå undersøkinga utan at det får negative konsekvensar (Bergsland & Jæger, 2022, s. 47). Før vi gjennomførte intervjuet førebudde vi oss nøye på korleis vi skulle gå fram. Vi innleia intervjuet med å informere om at alle har teieplikt, og at alt som kjem fram under intervjuet blir anonymisert. Intervjua blei gjennomført i skjerma rom der ingen kom inn og forstyrta. Dette blei gjort for å ivareta personvern (Dalland, 2020, s. 82). I dei ulike fasane av vår studie, var vi nøye med å oppretthalde anonymitet både i forkant, under og i etterkant av intervjuet.

6.6 Gjennomføring av intervju

Som Dalland (2020, s. 93) skriv, er det viktig å kunne utføre intervjuet saman som gruppe. Dette blir viktig med tanke på diskusjonen i gruppa og for å få gode refleksjonar kring temaet. Det er også ein fordel som gruppe å kunne fordele rollene, og vi kan spele på dei gode eigenskapane til kvar enkelt. Vi fordelte spørsmåla frå intervjuguiden mellom to av oss, medan den tredje var referent og noterte ned alle svara som kom fram under intervjuet.

Det var viktig å få fram at våre informantar er ekspertane, og vi er på søken etter ny kunnskap (Dalland, 2020, s. 89). For å sikre oss at informantane får fram det dei føler er relevant, avslutta vi med spørsmålet: «*Noko meir de ynskjer å tilføye?*». Vi erfarte viktigheita av å avslutte med dette spørsmålet, då alle informantane kom med viktige element som vi ikkje hadde med i intervjuguiden.

Intervjua vart transkribert same dag, dette går ut på å skape den munnlege samtalen om til ein skriftleg tekst (Dalland, 2020, s. 95). Etter at vi hadde gjennomført begge intervjua, samla vi saman alle notata og skreiv ned det vi hadde fanga opp av kroppsspråk og stemning. Dette er viktig for å få

mest mogleg nøyaktig materiale som kan hjelpe oss for å analysere innsamla data (Dalland, 2020, s. 95).

7 Empiriske funn

I denne delen av oppgåva skal vi presentere resultatane frå djupneintervjua knytt til problemstillinga: *“Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?”*. Intervjuguiden er delt opp i ulike kategoriar. Vi vil derfor presentere våre funn etter desse kategoriane som er: tilrettelegging, språkstimulering og kommunikasjon, tekniske hjelpemiddel, og inkludering. Til slutt kjem det som kom fram under punktet eventuelt. For å ivareta personvernet vil det bli nytta fiktive namn.

Frå barnehage 1 deltok Lise som er pedagogisk leiar og har jobba i barnehagen i 16 år. Ho har fokusbarnet på si avdeling i dag. Anne har jobba i barnehagen i 31 år, er pedagogisk leiar og hadde fokusbarnet medan det gjekk på småbarnsavdelinga. Fokusbarnet går siste året i barnehagen, og skal starte på skulen i august inneverande år.

Frå barnehage 2 deltok Kari, ho er fagarbeidar og har jobba i barnehagen i 21 år. Ho jobbar med fokusbarnet ein-til-ein. Ruth er pedagogisk leiar på avdelinga, og har jobba i barnehagen i 10 år. Fokusbarnet er to år og skal over på storbarnsavdeling neste barnehageår.

7.1 Tilrettelegging

Høyrselshemminga hjå begge fokusbarna var avdekka før dei starta i barnehagen. Dei hadde førsamtale med foreldra i god tid før oppstart. Hjelpemiddelsentralen var inne for å sjekke lyd miljøet på avdelingane, og dei fekk tips til kva lyddempande materiale dei burde ta i bruk. I barnehage 2 trekk Ruth blant anna fram at dei har tennisballar under stolbeina, medan Anne i barnehage 1 nemner at dei bevisst brukar mjukt materiale til oppbevaring av leikar. Desse ulike tiltaka vil bidra til å dempe støy.

For å få den kunnskapen dei treng, fortel begge barnehagane at samarbeid med eksterne instansar er elementært. Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) og Statped er gode samarbeidsinstansar som har kompetansen, og dei rettleiar både barnehage og foreldre. I barnehage 1 har foreldra valt å ikkje ta i bruk TTT, medan foreldra i barnehage 2 har valt å ta dette i bruk allereie før fokusbarnet starta i barnehagen. For å kunne gje fokusbarna best mogleg vilkår, har begge barnehagane hatt ekstra ressursar i form av personale.

7.2 Språkstimulering og kommunikasjon

I kommunikasjon med begge fokusbarna er det verbalspråket som har hovudfokus. Informantane legg vekt på å bruke tydeleg tale og blikkontakt når dei kommuniserer med barna. Dei trekker også

fram at dei bekreftar og repeterer det fokusbarnet seier, dei er bevisst på den vaksne si rolle i kommunikasjonen og verbalspråket blir forsterka gjennom kroppsspråk og bruk av gestar.

I barnehage 2 bruka dei i tillegg TTT. Dette er noko dei tydeleggjer på heile avdelinga i form av bilete med teikn. Med tanke på fokusbarnet sin alder, er det enno tidleg i språkutviklinga. Dei brukar derfor også mykje konkreta og bilete som tydeleggjer det verbale språket. Kari har god kompetanse og har jobba mykje med TTT. Dette gir trygge og gode føresetnader som heile barnehagen dreg nytte av, med tanke på overgang til storbarnsavdeling. Ruth fortel at fokusbarnet har lydstimulering med audiopedagog kvar 14. dag. Ut over dette gjennomfører personalet i barnehagen lydstimulering dei andre dagane. Lydstimuleringa føregår ved at høyrer lyden på ein konkret før det får sjå den. På denne måten blir det språkstimulering gjennom både den auditive, visuelle og taktile sansen. Ruth seier: "Det blir eigentleg omvendt av korleis vi vanlegvis lærer språket, det blir jo learning by doing".

Vidare nemner Ruth at dei har starta tidleg å førebu fokusbarnet på overgang til storbarnsavdeling, der det må kunne samhandle med større barnegrupper. Det er tett dialog mellom personalet på tvers av avdelingane, og arbeidet med å implementere TTT er noko dei har fokus på i forkant av overgangen. "Vi ynskjer på ein måte å vere veldig klar".

Anne frå barnehage 1 var også tydeleg på viktigheita av kommunikasjon og samarbeid på tvers av avdelingane med tanke på overgangen. Ho trekk fram at dei i starten var spent på korleis fokusbarnet ville tileigne seg det verbale språket, og om det ville oppstå frustrasjon over å ikkje forstå eller bli forstått av andre. Ho var positivt overraska over kor raskt fokusbarnet lærte seg talespråket, og kor tydeleg interessert det var i å vere sosial og delta i leik med andre barn.

7.3 Tekniske hjelpemiddel

Fokusbarnet i barnehage 1 har høyreapparat på begge øyra, det blei tatt i bruk allereie frå fire månaders alder. I barnehage 2 har fokusbarnet operert inn CI. Desse tekniske hjelpemidla bidreg til at fokusbarna får lytte og tolke lydane, og få ei støtte til å utvikle talespråk til bruk i kommunikasjon.

I begge barnehagane blir det brukt eit teknisk hjelpemiddel som heiter Roger, dette er ei form for samtaleforsterkar. Den består av ein mikrofondel som blir kopla direkte til høyreapparatet, og på den måten hjelper den fokusbarna til å oppfatte lyd. Lise frå barnehage 1 fortel at den er til god støtte i blant anna samlingar, under måltid, lesing og når viktige beskjedar skal formidlast. Fokusbarnet får med dette med seg det som blir formidla, og bidreg dermed til at fokusbarnet kjenner på eit samhold der det blir inkludert i barnegruppa. Fokusbarnet tek også aktivt initiativ og etterspør mikrofonen i ulike situasjonar.

Det kan midlertidig vere utfordringar dersom det tekniske hjelpemiddelet ikkje fungerer. Personalet må vere merksame på dette for å kunne hjelpe fokusbarna best mogleg slik at dei ikkje mister denne støtta i kommunikasjonen. I barnehage 1 fortel Anne at personalet reagerer dersom fokusbarnet blir uvanleg stille. Det kan vere eit teikn på at høyreapparatet ikkje fungerer som det skal. I starten var det også ei utfordring med at fokusbarnet til tider kasta høyreapparatet, men barnet har etter kvart blitt bevisst på nytten av det etterkvart som det blei eldre. Dette koplar Lise mot barn si sjølvutvikling og at fokusbarnet godtek seg sjølv som den det er, på tross av høyrseleshemminga.

7.4 Inkludering

Vi var interessert i kva informantane legg i omgrepet inkludering. Dei legg vekt på at inkludering er å vere ein del av fellesskapet, å kunne utvikle vennskap og ha nokon å leike saman med.

Vi trakk fram i intervjuet, at tidlegare forskning seier at barn med høyrseleshemming fell utanfor allereie i barnehagen og at dei slit sosialt. Vi var derfor interessert i informantane sine tankar kring dette. Ruth i barnehage 2 seier at ho forstår godt at dette er noko som blir forska på. Ho beskriv viktigheita av å normalisere det ulike, og med det seier ho at alle skal ha like moglegheiter til å skape sosiale band og at inkludering skjer i eit fellesskap. I denne samanheng seier ho at “inkluderingsprinsippet held på å snu. Du skapar jo eit skilje mellom personar når ein tek dei ut. Visst ein får til at ein jobba i fellesskapet er det, det beste”. Vidare understreka ho at det blir veldig synleg dersom barn med særskilte behov blir tatt ut av barnegruppa, og dermed blir det som er ulikt forsterka. Dersom det blir jobba med det ulike inn mot fellesskapet, vil barnegruppa lære seg at det å vere ulik er normalt. For å bli inkludert, er det også viktig at fokusbarnet skal bli sjølvstendig, det er ein sentral faktor inn mot sjølvutviklinga. Her trekk Ruth fram at det blir jobba i små leikegrupper, og då blir vaksenrolla viktig. Særleg med tanke på balansegangen mellom at fokusbarnet skal få utforske sjølv, samstundes som den vaksne er tett på og kan dermed vere ei støtte i å skape gode relasjonar. Då kan den vaksne møte barna på deira nivå, og med det legge til rette for meistring. Vidare understreka ho at det er viktig å gje ros.

Frå barnehage 1 trekk Lise fram at det handlar om fokusbarnet sine ressursar, den støtta det har i den gruppa det er ein del av. Ho fortel at fokusbarnet er veldig sosial og ein leiartype, så personlegdomen til sjølv barnet vil ha ein innverknad på dette området. Det kan midlertidig vere utfordrande for barn med høyreapparat å delta på større innandørs arrangement, då dei blir eksponert for mykje støy. Her fortel dei vidare om blant anna karneval og felles lunsj for heile barnehagen. Fokusbarnet er god på å sile ut lydar, men det blir likevel utfordrande å delta på slike arrangement. Lise understreka at “det er veldig vanskeleg å setje seg inn i korleis hen har det”. Det som i utgangspunktet skal vere ei inkluderande samling, kan for fokusbarnet verke ekskluderande.

7.5 Eventuelt

Dei tilsette i barnehagane trekk fram viktigeita av foreldreperspektivet. Det kan vere sårt for foreldre å få eit barn med særskilte behov. Det er viktig for barnehagen å vere audmjuke og vise forståing for foreldra sin situasjon. Ruth i barnehage 2 seier dei er bevisst på å vere på tilbodssida overfor foreldra, og vise interesse for korleis også dei har det. “Dei foreldra som vi har synest det er veldig godt å bli ivaretatt på denne måten”.

I barnehage 1 fortel Lise at dei er opptekne av openheit kring temaet mellom barnehage og heim. Samstundes seier Anne at dei skulle ønske det var betre tilgang til logoped, slik at fokusbarnet kunne fått den hjelpa før språket var på plass. Det er ei utfordring med underskot av logopedar i den aktuelle kommunen. Fokusbarnet har logoped som det går til privat, men dei skulle ynskje at denne treninga kunne blitt gjort i barnehagen. Då kunne personalet tileigne seg meir kunnskap for å hjelpe fokusbarnet best mogleg i språkutviklinga.

8 Drøfting

I denne delen av oppgåva vil vi drøfte det som har kome fram i vår empiri, og sjå dette inn mot valt teori og tidlegare forskning. Vi drøftar dette for å finne eit mogleg svar på vår problemstilling: *“Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?”*.

8.1 Kva legg barnehagane i omgrepet inkludering?

Alle informantane legg vekt på at inkludering er å vere ein del av fellesskapet. Det er viktig for barn å kunne utvikle vennskap og ha nokon å leike med. Vidare blir det trekt fram å normalisere det ulike inn mot fellesskapet. Dette er heilt i tråd med det som kjem fram i Meld. St. 6, som seier at alle barn skal oppleve at dei er ein naturleg del av fellesskapet og skal kunne utvikle seg ut frå sine føresetnadar (2019-2020, s. 11).

Moe & Valseth (2020, s. 355-356) skriv at det å sjå på ulikskapen som ein ressurs, kan bidra til å fremje gjensidig respekt. Det er eit grunnleggande element for å skape eit inkluderande fellesskap. Dette blir støtta opp av Sjøvik (2020, s. 39) som også legg vekt på personalet sine haldningar. Det peikar mot korleis dei ser det enkelte barnet sine behov, på same tid som det skal bli respektert for den det er inn mot barnegruppa. Ruth frå barnehage 2 la stor vekt på å normalisere det ulike. Ho understreka at alle barn, på tross av ulikskapen, skal ha like moglegheita til å utvikle den sosiale kompetansen, og med det kunne knyte vennskap til kvarandre. Det Ruth her seier, oppfattar vi som elementært. Å normalisere det ulike er med på å fremje aksept og respekt for kvarandre, og det vil skape likeverd. Dette vil vidare bidra til å skape eit inkluderande fellesskap. Dersom barn føler at dei ikkje høyrer til det “normale”, kan det føre til at dei føler seg utanfor.

Vidare seier Moe & Valseth (2020, s. 372-373) at barn lærer av kvarandre. Det å bli akseptert av andre jamaldrande, er særst viktig med tanke på sjølvutviklinga til barn. Dei skal også kunne føle at dei har noko å bidra med inn i dei sosiale handlingane. Dei blir ikkje automatisk inkludert av å få delta, men skal kunne kjenne at sitt bidrag blir verdsett (Grønlie, 2005, s. 69; Statped, 2020). Som Hjelmervik skriv (2021, s. 191), skal personalet legge til rette for deltaking i leiken. Dersom vi ser på rolleleiken til barn, er språkleg samhandling sentral i denne type leik. Då ser vi viktigheita av å bruke mindre leikegrupper, på denne måten kan personalet legge til rette for at det ikkje blir for mykje støy. Det kan bli enklare for barnet med høyrselshemming å oppfatte talespråket når det er færre barn å førehalde seg til, og det kan bli enklare å delta i språkleg samhandling. Vi kan knyte dette til det våre informantar seier om viktigheita av å bli sjølvstendig i leik og samspel med andre barn. Dette er ein sentral faktor med tanke på barn si sjølvutvikling. I vår studie har det kome fram at fokusbarna har hatt ekstra ressurs på seg i form av personale. Dei trekk her fram at dersom barna skal kunne bli sjølvstendige, må personale finne balansegangen mellom å la barna sjølv få utforske, på same tid som dei fungera som ei støtte. Dette er heilt i tråd med det Moe & Valseth (2020, s. 358-359) skriv, personalet skal legge til rette for at barnet skal kunne bli sjølvstendig, men likevel kunne gje barnet assistanse. Studien til Hillesøy og Ohna (2014) får også fram personalet sine utfordringar når det gjeld å finne nettopp denne balansegangen.

Med tanke på barn si sjølvutvikling, ser vi at dette kan vere ei utfordring for personalet. Dei vil vere tilgjengelege for barn med høyrselshemming gjennom å legge til rette for barnet sin deltaking i leiken og forklare kva spelereglar den har. På den andre sida vil for tett oppfølging frå personalet kunne føre til at barnet blir for avhengig av vaksenstøtte, og barnet får dermed ikkje skape gode relasjonar med jamaldringar. På bakgrunn av dette, må personalet finne den rette balansegangen mellom å vere ei tilgjengeleg støtte for barnet, på same tid som dei må utfordre barnet slik at det skal bli sjølvstendig. Personalet kan til dømes hjelpe barnet inn i leiken, for så å trekke seg tilbake når dei ser at det blir aktiv deltakande saman med andre barn. I følge Lise frå barnehage 1, vil personlegdomen til barnet kunne ha ein innverknad på dette området. Ho trekk fram at fokusbarnet som person er veldig sosial av seg og blir sett på som ein leiartype, og med det blir det oppfatta som ein sjølvstendig person på tross av høyrselshemminga.

8.2 Tilrettelegging i det fysiske miljøet

Det blir lagt vekt på korleis det fysiske miljøet har blitt lagt til rette for barn med høyrselshemming. Hjelpemiddelsentralen har vore hjå barnehagane for å sjekke lydmiljø, og dei har gitt anbefalingar om kva tiltak dei ulike barnehagane bør gjere for å dempe støy. Det har blitt tatt i bruk relativt enkle grep som tennisballar under stolbeina og mjukt materiale til oppbevaring av leikar, likevel vil desse små tiltaka bidra til eit betre lydmiljø. Gjennom å legge til rette det fysiske miljøet, vil det fremje alle

barn sin moglegheit til å delta i fellesskapet (Moe & Valseth, 2020, s. 372-373). Slik vi ser det, vil tiltak for å redusere støy gagne heile barnegruppa og personalet, og ikkje berre for barn som brukar høyreapparat og CI.

Tidlegare forskning viser at mindre barnegrupper er ein viktig faktor for at barn med høyrselshemming skal få moglegheit til å samhandle med andre (Kermit, 2018; Hillesøy & Ohna, 2014; Kristoffersen & Simonsen, 2013; Kermit et al., 2010). Hjelmervik (2021, s. 191-192) framheva også betydninga av mindre grupper. Det vil gje både barn med høyrselshemming og høyrande barn betre føresetnader for å samhandle med kvarandre, der dei saman kan finne gode strategiar i språkleg kommunikasjon. Det kan til dømes vere at dei blir gode på turtaking ved at dei ikkje snakkar i munnen på kvarandre, og har tydeleg tale og blikkontakt. Våre informantar fortel at det blir brukt mindre leikegrupper, då blir det enklare for fokusbarna å få med seg det som skjer framfor å delta saman med heile barnegruppa. Det vert ofte mykje støy når heile barnegruppa er samla. Lise frå barnehage 1 trekker fram utfordringane for fokusbarnet når barnehagen blant anna arrangerer felles lunsj eller karneval i barnehagen, der alle deltek. Fokusbarnet her brukar høyreapparat, og er normalt sett god til å sile ut lydar. Men, på slike fellesarrangement blir fokusbarnet eksponert for mykje støy, og det blir utfordrande å sile ut lydane. Dei opplever at fokusbarnet fell utanfor, og slike samlingar kan dermed verke ekskluderande for hen. For at barn med høyrselshemming skal få ei betre oppleving på slike arrangement, ser vi for oss at små tiltak kan gjere ein stor skilnad. Dette kan til dømes vere å nytte duk på bordet, bruke servise og bestikk av plast, tenke på plassering av fokusbarnet i forhold til personalet og andre barn, god belysning med tanke på blikkontakt og munnavlesing, og at mikrofon blir nytta dersom noko skal bli framført eller opplyst om. Dette kan bidra til at barnet enklare kan føle seg inkludert.

Vidare kan vi knyte dette opp til kva tidlegare forskning seier, det krev tilrettelegging for at barn med høyrselshemming skal bli inkludert i barnehagen (Kermit, 2018; Hillesøy & Ohna, 2014; Kristoffersen & Simonsen, 2013; Kermit et al., 2010). Tilrettelegging som våre informantar viser til, er avgjerande for å skape gode forhold for barn med høyrselshemming. Vi ser likevel fordelar med dei ulike tiltaka inn mot heile barnegruppa. For det første kan det å bruke mindre leikegrupper gje gode føresetnader for samhandling og knyte vennskap, og på same tid gir det gode moglegheiter for personalet å observere dei enkelte barna i samhandling med andre. Gjennom å observere barna i mindre grupper, kan personalet sikre seg at barna kan knyte vennskap og gode relasjonar. Det kan vere enklare å observere om barn fell utanfor i leiken når det blir brukt mindre grupper. Då kan personalet gå inn i leiken og rettleie, slik at barna ikkje blir ekskludert. For det andre vil det å dempe støy gje betre lydmiljø i barnehagen, noko som vil gagne både barn og personalet. Vi har sjølv erfart at det kan vere travelt å opphalde seg i rom med mykje støy, så korleis vert det då for personar med høyreapparat

eller CI? Desse tekniske hjelpemidla skal bidra til at lydar blir forsterka, dermed blir også lydar av til dømes duplo som blir tømt på golvet forsterka. Derfor kan teppe eller matte på golvet, og mjukt oppbevaringsmateriale, vere tiltak som reduserer støy.

8.3 Bruk av tekniske hjelpemiddel

Som nemnt tidlegare, er det ulike grader av høyrselshemming, og det kan vere vanskeleg å vite nøyaktig kor mykje dei enkelte barna høyrer. Fokusbarna i vår studie har ulike gradar av høyrselshemming, der eine brukar høyreapparat medan dei andre har operert inn CI. Som Grønlie (2005, s. 66-67) skriv, er det viktig for barn med høyrselshemming å godta sitt sanseavvik og få kunnskap om det. Når dei sjølv er blitt trygge og erkjenner si høyrselshemming, legg det eit godt grunnlag for at også personar rundt barna kan bli tryggare. Informantane frå barnehage 1 kan støtte godt opp om dette, dei fortel om utviklinga til fokusbarnet på akkurat dette området. Då fokusbarnet gjekk på småbarnsavdelinga, var det ei utfordring at det til tider tok av seg og kasta høyreapparatet. Etterkvart som det har blitt eldre, har det blitt meir bevisst på si eiga høyrselshemming og verka til å godta denne meir. Vidare fortel dei at fokusbarnet på eige initiativ, spør etter og tek i bruk mikrofonen Roger, som er kopla til høyreapparatet. Dette viser at fokusbarnet får større moglegheit til å delta i dei ulike leike- og læringssituasjonane. Som Hjelmervik (2021, s. 191) skriv, skal personalet legge til rette for at det skal vere gode vilkår for at barn med høyrselshemming skal kunne delta i samtalar og ulike situasjonar. Gjennom å kunne bruke det tekniske hjelpemiddelet som Roger er, vil det slik vi ser det, fremje inkludering. Det kan bidra til at barna enklare skal kunne oppfatte talespråk og kjenne på eit samhald i barnegruppa.

Vi ser kor viktig det er å kunne erkjenne si eiga funksjonshemming, det gjeld å vere trygg på seg sjølv og akseptere seg som den ein er. Dette kjem også fram i studien til Kermit et al. (2010), som viser at det blir enklare å inkludere seg i fellesskapet og bruke dei hjelpemidla som er tilgjengelege. Gjennom å nytte seg av dei tekniske hjelpemidla, får barna betre føresetnader for å bli sjølvstendige. For barn ser vi viktigheita av at dei skal få eigarskap til si eiga høyrselshemming. Dersom dei er trygge på seg sjølv vil det også gjere det enklare for høyrande personar å kunne tilpasse seg. Derimot kan det bli utfordrande dersom dei ikkje aksepterer si eiga høyrselshemming, noko som kan føre til at dei kjenner på utanforskap og dermed ikkje deltek i fellesskapet. Her ser vi viktigheita av barnehagepersonalet si rolle, som skal legge til rette for at barn skal få eit positivt sjølvbilet og trua på seg sjølv (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 8). Då er gjensidig respekt og openheit heilt sentralt.

8.4 Korleis barnehagane legg til rette for ei god språkutvikling for barn med høyrselshemming

Vi var interessert i korleis barnehagane legg til rette for ei god språkutvikling for fokusbarna. Som Høigård (2019, s. 19) skriv, tileignar barn seg språklydar i samspel med andre, og då er hørselen heilt

sentral. Derfor kan det vere utfordrande for barn med høyrshemming å oppfatte alle eller enkelte lydar, dette kan føre til forseinka språkutvikling (Hjelmervik, 2021, s. 184; Löfkvist et al., 2019, s. 461). Informantane fortel at dei er bevisst på den vaksne si rolle i språkutviklinga. Det er verbalspråket som er hovudspråket inn mot fokusbarna, og dei legg vekt på bruken av tydeleg tale og blikkontakt. Vidare trekker dei fram at det barna seier blir repetert og bekrefta. Dette gjeld for barn si språkutvikling generelt, så det blir gjort saman med alle barna. Fokusbarnet som har CI får lydstimulering saman med audiopedagog, dette er i tråd med det Lyster (2021, s. 220) skriv om auditiv trening. For barn med CI er det heilt sentralt å få stimulert høyrshemmingane, det vil gje eit godt grunnlag for å kunne utvikle talespråket. Slik vi ser det, er det elementært for barn å få eit godt språk, då det vil hjelpe dei til å kunne delta i språkleg samhandling med andre.

Löfkvist et al. (2019, s. 460) skriv at det er færre barn med høyrshemming i dag som brukar teiknspråk, då utviklinga av høyreapparat og CI bidreg til at dei fleste kan oppfatte talespråk. Vi var likevel interessert i å få svar på om det blir brukt alternativ kommunikasjon dersom det tekniske hjelpemiddelet ikkje fungerer. Det har vore ulike val frå foreldra på dette området, noko som blir respektert av barnehagane. I barnehage 2 brukar dei TTT for å støtte fokusbarnet i kommunikasjon, dette blir framheva i heile barnehagen. Her blir kompetansen til Kari heilt sentral. Den kunnskapen ho har, blir vidareført til resten av personalet. Gjennom å bruke TTT som støtte i kommunikasjonen til barn med høyrshemming, kan det som Hjelmervik (2021, s. 186) skriv, bidra til at dei får ein betre føresetnad til å samhandle med andre personar. Dei får dermed moglegheit til å likevel kunne uttrykke seg, sjølv om talespråket ikkje er på plass. Det er heilt essensielt å ha eit språk for å kunne samhandle med andre. Dersom barn manglar eller har minimalt utvikla språk, kan det føre til at dei fell utanfor i lek (Høigård, 2019, s. 165; Hjelmervik, 2021, s. 185). Dette kjem også fram i tidlegare forskning, som påpeikar at moglegheita til å utvikle språk, bidreg til å enklare kunne samhandle med andre (Kermit, 2018, s. 55).

Som Hjelmervik (2021, s.186) skriv, vil foreldra sine ynskjer påverke kva kommunikasjonsform som blir valt, dette kjem også fram i studien til Hillesøy og Ohna (2014). Dersom foreldra til dømes ikkje ynskjer å bruke TTT som støtte i kommunikasjonen, skal det bli respektert. Vidare viser også våre funn at dette blir tatt omsyn til av barnehagane. Vi ser likevel fleire fordelar med å implementere TTT i alle barnehagar. For det første er det ei god støtte i kommunikasjon til alle barn. Som Høigård (2019, s. 26) skriv kan det vere ulike årsaker til kommunikasjonsvanskar, derfor kan TTT bidra til å fremje inkludering. Vi har erfart at særleg på småbarnsavdeling er det ei god støtte, og vi har observert at barn brukar fleire naturlege teikn i sin kommunikasjon. Naturlege teikn som blir brukt er til dømes peiking, vinking, tommel opp og liknande. For det andre vil barn med høyrshemming få ein moglegheit til å kommunisere dersom høyreapparat eller CI sluttar å fungere. For det tredje vil vi

automatisk prate tydelegare og rolegare, som er positivt med tanke på barn si språklæring. Derimot kan bruk av TTT utad bli oppfatta som at barnet har ein kommunikasjonsvanske, det vert dermed meir tydeleg at barnet har eit særskilt behov. Slik vi ser det kan dette vere med på å påverke foreldra sitt val. Det kan vere at dei har vanskar med å vere opne om barnet si funksjonshemming, og derfor vel dei bort TTT. Foreldra sine val skal bli respektert. Personalet kan likevel med sin pedagogiske kompetanse rettleie dei, slik at dei saman kan finne den løysinga som er til det beste for barnet.

8.5 Barnehagepersonalet si rolle

Barnehagepersonalet har ei heilt sentral rolle når det gjeld tilrettelegging. Dei må tileigne seg kunnskap på det aktuelle området og vidareformidle denne til resten av personalet og foreldre. Dette vil føre til kompetanseutvikling. Tidlegare forskning som vi har tatt utgangspunkt i (Kermit, 2018; Hillesøy & Ohna, 2014; Kristoffersen & Simonsen, 2013; Kermit et al., 2010), konkluderer også med at barnehagepersonalet sin kunnskap og kompetanse på dette området må bli heva. Eksterne instansar som Statped og PPT har spisskompetanse som blir formidla vidare til barnehagepersonalet, og det kjem fram frå vår empiri at barnehagane har nytta seg av desse.

Barnehagepersonalet må vere bevisst på sine haldningar og skape ei felles forståing for dei ulike utfordringane (Moe & Valseth, 2020, s. 357). Studien til Hillesøy & Ohna (2014) trekker fram at det blir eit skilje dersom barn som har spesialpedagogiske tiltak blir tatt ut av barnegruppa, særleg når dette blir gjort i frileikperioden. Dette kjem også fram i vår studie, der det blir framheva at det beste er å jobbe i fellesskap for å unngå nettopp dette skiljet. Det er i tråd med Meld. St. 6 (2019-2020, s. 12), som blant anna handlar om at personale skal ha haldningar og kunnskap for å finne fleksible løysningar, der spesialpedagogiske tiltak blir tatt inn i det allmennpedagogiske tilbodet. Vidare handlar det også om at det fysiske miljøet skal bli lagt til rette for alle, det vil bidra til å fremje eit inkluderande fellesskap.

Vi ser viktigheita av at personale skal ha kompetanse for å finne fleksible løysningar, slik at spesialpedagogiske tiltak kan bli lagt til rette inn i det ordinære tilbodet. For barn med høyrselshemming, kan det til dømes vere behov for å fokusere på språklydar. Slik vi ser det, kan dette bli gjort i fellesskap. Dersom barn som treng ei spesifikk trening stadig blir tatt ut av gruppa, blir det ei form for ekskludering. Det beste for å fremje inkludering, er å legge til rette for at alle barn blir likestilt og får oppleve meistring. Dette er i tråd med det som står i rammeplanen, som legg vekt på at det er barnehagen si oppgåve å gje barn som treng ekstra støtte eit likeverdig tilbod (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40).

Som Sjøvik (2020, s. 44) skriv, kan det vere utfordrande for personalet å finne løysingar som høver alle barn, og på same tid møte enkeltbarna sine behov. Studien til Kristoffersen & Simonsen (2013)

framhevar også at personalet møter ulike utfordringar med dette. Barnehagelova §2 (2022) legg vekt på at barnehagen skal fremje likeverd, det vil sei at barn har rett til å vere ulike men likevel høyre til fellesskapet. Derfor er det essensielt å vise openheit kring ulike funksjonshemmingar (Grønlie, 2005, s. 70). Frå våre informantar kjem det fram at barnehagane viser openheit kring fokusbarna si høyrselshemming, då dei deltek i sosiale samhandlingar ut frå sine føresetnader. Blant anna blir mikrofonen Roger tatt i bruk som ein naturleg del i barnehagekvardagen. Då vi kom for å gjennomføre djupneintervju i barnehage 2, blei vi møtt med bilete på inngangsdøra med TTT som sa "God morgon". Vidare har dei teke i bruk TTT i dei vaksenstyrte aktivitetane på avdelinga fokusbarnet skal over til. Ruth frå barnehage 2 framheva at dei ynskjer å vere klar til overgangen for fokusbarnet. Slik vi ser det, bidreg dette til openheit kring bruken av TTT i barnehagen. Dette handlar også om personalet sine haldningar, at dei ser på bruken av dette som ein ressurs for heile barnehagen. Derimot vil det skape ei form for ekskludering dersom desse tilretteleggingane ikkje blir gjort. Då vil fokusbarnet miste ei viktig støtte i sin kommunikasjon og kan dermed falle utanfor fellesskapet.

8.6 Samarbeid med heimen

Barnehagen har ansvar for å legge til rette for eit godt samarbeid med heimen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 29). Som Moe & Valseth (2020, s. 361-362) skriv, er det foreldra som kjenner barnet best og dermed blir viktige ressurspersonar. For at barnehagen skal få bakgrunnskunnskap om barna, er god dialog og samarbeid med foreldre særskild viktig. Saman kan dei kome fram til kva løysning og tilrettelegging som er til det beste for barnet. Målet skal vere at barna skal kunne utvikle seg og trivast også den tida dei går i barnehagen. Våre informantar legg stor vekt på å ha ein god dialog og eit godt samarbeid med foreldra. Dei framhevar også foreldra sitt perspektiv på å få eit barn med høyrselshemming. Det kan vere sårt for foreldra å få eit barn med denne type funksjonshemming, då er det viktig å møte både foreldre og barn med eit ope sinn og sjå på dei som ein ressurs for barnehagen. Dette er i tråd med det Moe & Valseth (2020, s. 362) skriv, dei skal bli anerkjent for den dei er. Våre informantar fortel at dei også er opptekne av å vere audmjuke ovanfor foreldra og spørje om korleis dei har det, og vidare om det er noko barnehagen kan gjere for dei. Dei opplever at dette er noko foreldra verdset, og det bidrar til å skape tillit og gode relasjonar. Dette vil føre til eit godt samarbeid mellom heim og barnehage der dei har barnet sitt beste som mål.

Det våre informantar trekk fram vedrørande foreldresamarbeid, ser vi på som grunnleggande faktorar for å skape eit godt samarbeid. Ved å vere audmjuk og på tilbodssida, blir det låg terskel for å kome med spørsmål, eller berre det å vere ein god samtalepartner. Dette vil bidra til at også foreldra føler seg sett av personalet og inkludert i barnehagen. Det motsette vil vere at foreldra

opplever det som vanskeleg å kome med saker dei lurar på, det kan vidare gå ut over barnet sin utvikling og trivsel i barnehagen.

Som tidlegare nemnt, blir det kvart år født barn med høyrselshemming i ulik grad (Hjelmervik, 2021, s. 182; Helsedirektoratet, 2017). Det vil krevje ulik tilrettelegging for dei enkelte individa. Som vår studie viser, er nokre tiltaka like for begge fokusbarna, medan andre ikkje er det. Dette kan vi setje i samanheng med funksjonshemming generelt, det vil sei at dei enkelte individa vil krevje tilpassa tilrettelegging. Det kan ikkje bli forventat at barnehagepersonalet skal ha kunnskap som omfattar alle ulike funksjonshemmingar. Gjennom samarbeid med aktuelle instansar skal personalet få tilført den spisskompetansen dei treng, og med det få den kompetansen som blir kravd for å legge til rette for det aktuelle barnet. Vår empiri viser at samarbeid med eksterne instansar er noko barnehagepersonalet har hatt nytte av.

9 Avslutning

Problemstillinga vi ynskte å få svar på i vår oppgåve var: «*Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?*». Vi ville få fram kva omsyn og kompetanse som blir kravd av personalet i barnehagane. Vi har brukt den kvalitative metoden ved å gjennomføre djupneintervju, og har deretter samanlikna vår empiri med aktuell teori og tidlegare forskning.

Vi har kome fram til at vår studie underbygger tidlegare forskning, som viser at det krev tilrettelegging for at barn med høyrselshemming skal bli inkludert i barnehagen. Dette inneber støydemping i det fysiske miljøet, og at barna får delta i mindre grupper. Vidare krev det også at personalet må tileigne seg kunnskap og kompetanse på dette området, og då blir samarbeid med aktuelle eksterne instansar elementært. Kvart barn har individuelle behov. Samarbeidet mellom heim og barnehage er derfor heilt sentralt for å finne den beste løysninga for det einskilde barnet.

I rammeplanen står det at "Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og/eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod" (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 40). Det har kome fram i vår studie at barnehagane legg til rette det fysiske miljøet, og dei gjev fokusbarna den ekstra støtta dei har behov for.

Gjennom vår studie, har vi blitt meir bevisst på korleis vi som barnehagepersonale må tileigne oss kunnskapen som krevst, for at vi skal kunne legge til rette for at barn med ulike funksjonsvanskar skal få eit inkluderande og likeverdig tilbod. Det hadde også vore spennande å fortsette denne studien med tanke på overgang frå barnehage til skule, blir dei ulike tilretteleggingane overført til skulen? Høyrselshemming er eit sanseavvik som mest truleg vil vare ved resten av livet, dette betyr at

behovet for tilrettelegging alltid vil vere der. Det vil sei, at det som har kome fram i vår studie også kan vere samfunnsnyttig. For at skulen også skal kunne legge til rette for barn med høyrselshemming, er det heilt sentralt at personalet der også tileignar seg kunnskap om temaet.

10 Litteraturliste

- Askland, L. & Sataøen, S. O. (2019). *Utviklingspsykologiske perspektiv på barns oppvekst* (4.utg.). Gyldendal.
- Barnehageloven. (2022). *Lov om barnehager* (LOV-2022-06-10-40). Lovdata.
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Bergsland, M. D. & Jæger, H. (2022). Bacheloroppgaven. I M. D. Bergsland & H. Jæger (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (2. utg.). Cappelen Damm Akademisk.
- Braadland, N. (2005). *Tegn-til-tale – For alle. En vei til talespråket*. (2. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7. utg.). Gyldendal.
- Grønlie, S. M. (2005). *Utan hørsel? En bok om hørselshemming*. Fagbokforlaget.
- Hasli, E. & Øverland, M. (2021). Barnehagen som arena for læring, utvikling og fellesskap etter en ervervet hørselshemming. I B. I. B. Hvidsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 329-342). Fagbokforlaget.
- Helsedirektoratet. (2017). Screening av hørsel hos nyfødte.
<https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/screening-av-horsel-hos-nyfodte>
- Hillesøy, S. & Ohna, S. E. (2014). *Barnehagepersonalets refleksjoner om vilkår for deltakelse for barn med cochleaimplantat*. Utdanningsforbundet.
<https://utdanningsforskning.no/artikler/2014/barnehagepersonalets-refleksjoner-om-vilkar-for-deltakelse-for-barn-med-cochleaimplantat/>
- Hjelmervik, E. (2021). Det hørselshemmede barnet i barnehagen. I B. I. B. Hvidsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 181-200). Fagbokforlaget.
- Høigård, A. (2019). *Barns språkutvikling. Muntlig og skriftlig*. (4. utg.). Universitetsforlaget.
- Kermit, P. (2018). *Hørselshemmede barn og unges opplæringsmessige og sosiale vilkår i barnehage og skole*. Trondheim: NTNU Samfunnsforskning.
- Kermit, P., Mjøen, O. M. & Holm, A. (2010). Å vokse opp med cochleaimplantat: Barns språklige samhandling med hørende jevnaldrende og voksne. *Sosiologisk tidsskrift*, s. 249-272.
- Kristoffersen, A.-E. & Simonsen, E. (2013). Et løfte om inkludering: Barnehagens rammer for samhandling mellom hørselshemmede og hørende barn i barnehagen. *Tidsskrift for nordisk barnehageforskning*, s. 1-18.

- Kunnskapsdepartementet. (2017). Rammeplan for barnehagen: Innhold og oppgaver. Udir. Henta 29.01.2023. <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>
- Lyster, S-A. H. (2021). Språk- og talevansker hos barnehagebarnet – et avhjelpende og forebyggende perspektiv. I B. I. B. Hvidsten (Red.), *Spesialpedagogikk i barnehagen* (2. utg., s. 215-244). Fagbokforlaget.
- Löfkvist, U., Haukedal, C. L. & Wie, O. B. (2019). Hørselstap hos barn. I E. Befring, K-A- B. Næss & R. Tangen (Red.). *Spesialpedagogikk*. (s. 451-477). Cappelen Damm Akademisk.
- Meld. St. 6 (2019-2020). Tett på – tidlig innsats og inkluderendefellesskap i barnehage, skole og SFO. Kunnskapsdepartementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/3dacd48f7c94401ebefc91549a5d08cd/no/pdfs/stm201920200006000dddpdfs.pdf>
- Moe, M. & Valseth, M. L. (2020). En barnehage for alle – med inkludering som overordnet mål. I P. Sjøvik (Red.). *En barnehage for alle* (3. utg., s. 353-376). Universitetsforlaget.
- NRK. (Produsent). (2022). *Gåten Agnes* [Dokumentar]. NRK.
- Ohna, S. E. (2019). Nye perspektiv på læring og barn med nedsatt hørsel. I S. E. Ohna & E. Simonsen (Red.), *Barn med nedsatt hørsel. Læring i fellesskap* (s. 11-23). Gyldendal.
- Sjøvik, P. (2014). En barnehage for alle med mangfold som ressurs. I P. Sjøvik (Red.), *En barnehage for alle* (3. utg., s.38-60). Universitetsforlaget.
- Statped (2020). Nedsatt hørsel og inkludering. <https://www.statped.no/horsel/tilrettelegging/nedsatt-horsel-og-inkludering/>
- Statped (2022). Nedsatt hørsel og tidlig innsats. <https://www.statped.no/horsel/tilrettelegging/nedsatt-horsel-og-tidlig-innsats/>
- Tjora, A. (2021). *Kvalitative forskningsmetoder i praksis* (4. utg.). Gyldendal.
- Rienecker, L. & Jørgensen, P. S. (2013). *Den gode oppgaven. Håndbok i oppgaveskriving på universitet og høyskole* (2. utg.). Fagbokforlaget.

11 Vedlegg

Vedlegg 1 – Samtykkeskjema

Vedlegg 2 – Intervjuguide

Samtykkeskjema for deltaking til bacheloroppgåve

Vi vil takke deg for at du vil stille opp som informant til vårt bachelorprosjekt.

Vi er tre studentar som går siste året på barnehagelærarstudiet ved Høgskulen på Vestlandet, avdeling Sogndal. Temaet for vår bacheloroppgåve er inkludering av barn med høyrselshemming i barnehagen, vi synest at dette er eit spennande tema og svært viktig for dei dette gjeld.

Formål

Forsking seier at barn med høyrselshemming fell utanfor allereie i barnehagen, og det krev tilrettelegging for at dei skal bli inkludert i barnehagen (Kermit, 2018). Vi vil derfor auke vår kunnskap om korleis det blir tilrettelagt. Det er viktig for alle barn å føle seg inkludert, og dei første åra i barnehagen legg grunnlaget for korleis barn utviklar seg i samhandling med andre og vert ein del av fellesskapet.

Vi ynskjer å få svar på dette gjennom problemstillinga: ***Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?***

For å få svar på dette vil gjennomføre ein kvalitativ studie gjennom eit gruppeintervju. Grunnen til at vi vel ein kvalitativ studie er for å gå i djupna på temaet, og vi ynskjer å bruke gruppeintervju for å få fram ulike måtar og refleksjonar kring dette. Kvart barn med høyrselshemming er eit enkeltindivid med ulike behov, som må leggest til rette for utifrå barnet sine føresetnadar.

Kva vil det sei for deg å delta i vårt bachelorprosjekt?

Dersom du framleis ynskjer å delta, inneber dette eit gruppeintervju saman med tre andre, frå to ulike barnehagar. Vi vil avtale tid og stad for intervju på dykkar premisser, det vil sei at vi vil innrette oss etter kva tid som kan passe for begge barnehagane, intervjuet vil ta cirka ein time. Dersom det er mogleg, ynskjer vi å gjennomføre intervjuet før påska 2023. Vi vil alle stille opp på intervjuet, der to av oss vil vere aktive under intervjuet og ein vil vere referent. Rettleiar vil få innsyn i informasjon frå intervjuet. Det vil derimot ikkje bli gitt personopplysningar eller andre opplysningar som kan føre til identifikasjon av deg.

Det er frivillig å delta, og du som informant kan til ein kvar tid trekke deg frå prosjektet utan å grunngje dette nærare. Alle dine personopplysningar og informasjon fra intervjuet vil då bli sletta.

Ditt personvern – Korleis vi oppbevarer dine opplysningar

Datamaterialet og oppgåva vil vere anonymisert og det vil dermed ikkje vere mogleg at nokon gjenkjenner deg. Vi vil behandle personopplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Notatar frå intervjuet vil oppbevarast utilgjengeleg for andre. Dersom det kjem fram personopplysningar undervegs i intervjuet, vil desse bli koda slik at kun vi kan forstå kva dei betyr.

Kva skjer med opplysningane etter at bacheloroppgåva er levert?

Notatane frå intervjuet blir makulert og slettast når oppgåva er levert og godkjent. Oppgåva skal leverast 25.mai 2023, deretter følgjer ein tre vekers sensurtid.

Kontaktinformasjon

Dersom du har spørsmål eller ynskjer fleire opplysningar, kan du kontakte oss på e-post: bach303hh@gmail.com, eller på telefon 908 87 350. Du kan også kontakte vår rettleiar Cathrine Evensen på e-post: cathrine.evensen@hvl.no eller på telefon: 406 97 741.

Med vennleg helsing

Emma Midtun, Frida Moldestad Olset, Bente Mari Venes

Studentar

Cathrine Evensen

Rettleiar

Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om temaet *inkludering av barn med høyrsehemming*, og ynskjer å stille til gruppeintervju.

Dato: _____

Signatur: _____

Intervju guide for dybdeintervju

Tema: Inkludering av barn med høyrselshemming

Problemstilling: Korleis legg barnehagen til rette for inkludering av barn med høyrselshemming?

Innleiing

- Innleiande prat
- Formålet med intervjuet

Anonymitet og teieplikt

- Intervjuet er frivillig
- Alle opplysingar om informantar og barnehage vil bli anonymisert
- Vi har alle teieplikt

Presentasjonsrunde

- Kva stilling har de?
- Kor lenge de har jobba i barnehagen?
- Særleg rundt tema inkludering av barn med høyrselshemming

Tilrettelegging

- De har barn med høyrselshemming i barnehagen, var denne avdekka før barnet starta i barnehagen eller var det noko som vart fanga opp her?
 - Dersom ja; kva førebuingar gjorde de før barnet starta i barnehagen?
 - Dersom nei; korleis blei dette fanga opp?
- Hadde de før-kunnskap om dette temaet?
- Har de noko samarbeid med andre instansar for rettleiing av personalet og for oppfølging av barna?
 - På kva måte kan det samarbeidet vere nyttig for dykk?

Språkstimulering og kommunikasjon

- Kva kommunikasjonsform brukar de med barna som har høyrselshemming?
- Språk, viktig del inn mot det sosial og særleg det å bli inkludert i leiken, korleis legg til rette for at barna med høyrselshemming skal få ei god språkutvikling?
- Korleis har de tilrettelagt i overgangen frå småbarnsavdeling til storbarnsavdeling, då blir endå større fokus på språk, noko tiltak som blei med over?
 - Noko som måtte endrast?

Tekniske hjelpemiddel

- Kva teknisk hjelpemiddel brukar barnet?
 - alternativ kommunikasjonsform dersom det tekniske hjelpemiddelet ikkje fungera?
- Korleis har prosessen vore med tanke på tekniske hjelpemiddel, har bruken av hjelpemiddel vore med på å endra prosessen rundt både språkleg og sosial utvikling, kan de fortelje litt om det?

Inkludering

- Kva legg de i begrepet «inkludering»?
- Forsking seier at barn med høyrsehemming fell utanfor allereie i barnehagen, at dei slit sosialt. Kva tenker de rundt dette?
- Nokre barn med høyrsehemming treng støtte for å etablere nære sosiale relasjonar til andre barn, og det å bli inkludert sosialt er viktig for sjølvutviklinga til barnet. Korleis jobbar de med dette?

Eventuelt

- Noko meir de ynskjer å tilføre?

Avslutning og oppsummering

- Kort oppsummering frå referent.
- Takke for intervjuet og at de ville bidra til vårt bachelorprosjekt.